

Flott og innholdsrikt program på Fjelly-festen.

19.05.2017



Fjelly for nær 40 år sidan.

I morgen, laurdag, vert det fest heile dagen, og natta med, når det vert markert at den kjære hytta Fjelly ved Mannsvatnet rundar 100 år. Hyttestyret har lagt opp til eit flott og variert program. Vergudane er såpass greie i følgje meldingane at det no er bestemt at festen går som planlagt. Dette vert ei stor oppleving.

For dei som ikkje har fått det med seg, repeterer vi det flotte programmet:

- Barnas Turlag arrangerer Familietur opp Pålavegen og til Fjelly. Oppstart kl.9.30. Parkering ved Vonheim.
- Jubileumsprogrammet ved Fjelly startar kl.13.
- Veteranane i Uskedal musikklag spelar og og har lagt opp til passande og variert program.
- 'Hyttebøkene fortel' ved Kristian Bringedal.
- Overlevering av jubileumsboka.
- Gode historiar av kåsøren og forfattaren, 'Villmarkens sön' Jimmy Øvredal.
- Felespel ved Egil Våge
- Song og musikk ved Lina Håland(song) og Geir Jakobsen(gitar)
- Salg av betasuppe, kaffi og kaker(50 kr eller 200 kr for heile familien).
- Det er også pinnabrød og pølser til grilling.
- 100 års-markeringa held fram med kos rundt bålet ca. kl.18. Då vert det servert rømmegraut med spekemat(100 kr). Denne må bestillast hos Anette, tlf.952 26 429.

Hyttestyret organiserer og må ha ein plan for transport opp Pålavegen. Derfor må også dei som kører sjølv ta kontakt om dette slik at avviklinga går greitt.

Her er det god grunn til å ta turen til fjells. Dette vert ei storveis oppleving og ei flott markering for 100 åringen Fjelly.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Leif Arne Døssland